



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 16

(2005–2006)

Om lov om endring i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 7. oktober 2005,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innhaldet i proposisjonen

Justis- og politidepartementet gjer i denne proposisjonen framlegg til lov om endring i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard (svalbardlova). Framlegget svarer til framlegget i Ot. prp. nr. 105 (2004-2005) som vart sett fram for Odelstinget i den førre sesjonen. Framlegget i Ot. prp. nr. 105 (2004-2005) vart ikkje behandla i den sesjonen. Etter forretningsordenen for Stortinget § 33 tredje ledd må Regjeringa setje framlegget fram att i den nye valperioden.

Lovframlegget gir Kongen høve til å gi forskrift om å avgrense verksemd som vil kunne vere til skade for forskingsaktiviteten i bestemte område av spesiell verdi for forskning på Svalbard. Formålet er å gi forskingsverksemda i Ny-Ålesund på Svalbard dei nødvendige rammevilkåra, ved å leggje til

rette for at anna verksemd ikkje grip inn i, forstyrrar eller på annan måte klart er til skade for forskingsaktiviteten i området.

I proposisjonen her er det teke inn eit likelydande lovframlegg som i Ot. prp. nr. 105 (2004-2005), og departementet viser til den proposisjonen.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endring i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard.

Vi HARALD, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endring i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endring i lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard

I

forskningsaktivitet i bestemte områder av spesiell verdi for forskningen.

I lov 17. juli 1925 nr. 11 om Svalbard vert det gjort følgjande endring:

§ 4 første ledd nytt andre punktum skal lyde:

Kongen kan også utferdige forskrift om begrensninger i virksomhet som vil kunne være til skade for

II

Lova gjeld straks.